

## Referat

### FAU-MØTE 7, skuleåret 2025-26

Torsdag 09. April, kl 19.30 – 21.00



Sak 38	<b>Kommentarar frå sist referat</b>  Godkjenning av referat frå sist møte og innkalling
Sak 39	<b>Informasjon frå rektor</b> <b>Oddfrid Reinlund - Konstituert rektor fram til sommaren</b> - info; vore rektor i mange år på Godøya. Bur i kommuna og på Valderøya. Mykje erfaring som lærar, avdelingsleiar og rektor.  Jobbar no med tilsetningar og planlegging av neste skuleår. Mange hensyn å ta.  Skulebibliotek - rydding. Kast og innkjøp. Budsjett - bøkene som skal kjøpast inn skal vere aktuelle og skape leselyst.  Midlar til 20% stilling til biblioteket. Fått midlar og det sendast ut ny søknad i år for å kunne auke stillinga. Ordninga med kommunal skulebibliotekar skal halde fram til neste år. (Då er det ikkje knytt til ein person, men ordninga. Dette er ei stilling som ein delar med kulturskulen. Det oppfordrast til å følgje Skulebiblioteka i Giske kommune på Instagram.  Leseplan - Omtrent ferdig. Skal implementerast til hausten for 1.-4. trinn. Det blir frå hausten starta eit arbeid for å utvikle leseplan også frå 5-10 klasse.  Gruppa som arbeider med felles leirskuleavtale i kommuna har prøvd å få leirskule over tre dagar i staden for fem, men det ser ut til at dette blir vanskeleg å få avtale på.  Ipad - Nye foreskrifter kjem, men dei er ikkje klare. Ein nyttar framleis Ipad berre på skulen. Det jobbast med kvitelistinga, og dette arbeidet er tidkrevande. Skulane skal komme med nettstader som nyttast og e-sunnmøre skal vurdere desse, og for så å legge dei inn i kvitelistinga.
Sak 20	<b>Elevkveld</b>  Evaluering frå elevkveld 19.03.  Godt oppmøte. Stemninga var god. Det var OK å få tak i vaksne vakter. Det var fleire vakter enn ein treng, og dette er svært positivt. Dette tiltaket BØR ein fortsetje med, då det er positivt for elevane.
Sak 28	<b>17.Mai</b>  Status: Innsamling av gevinstar til 17.mai.

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Dato når det skal være innsamla kjem. Oppfordrar FAU-representantane til å sende ut påminning om dette til heimane.</li> <li>- Innlevering av gevinstar blir 11.05. kl. 20.00.</li> </ul> <p>Gjennomgang av dokumenter frå komiteen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Dokumenter med oppgåvene til dei ulike klassetrinna. Desse vil bli delt med klassene etterkvart.</li> <li>- <b>Viktig å minne på at dersom ein har 3 eller fleire barn, skal kun gjere oppgåvene som gjeld dei to eldste.</b></li> </ul>
Sak 35	<p><b>Uteområde</b></p> <p>Status frå gruppa. Stillast spørsmål om det skal det gjerast noko på skuleområdet i vår?</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Nye disser er på veg. Blir levert før 17.mai.</li> <li>- Fikse dissestativ og fotballmål,</li> <li>- Det vert foreslått å få skuleklassene til å hjelpe til med å luke og gjere det fint rundt skulen til 17.mai.</li> <li>- Zip-line - Innspel for og i mot. Avklarar om vi skal gå vidare med dette på neste FAU-møte</li> <li>- Innlegg frå salen: konsulent for å sjå på uteområde og komme med innspel?</li> </ul>
Sak 40	<p><b>Overgangsfelt Nordstranda</b></p> <p>Det er sendt innspel til kommuna og Statens vegvesen om endring av fartsgrense og etablering av fartsdempande tiltak på Nordstranda.</p> <p>Sendt brev til kommuna om å utvide 50 sone fram til Sætra. Kommuna er enig i dette, og har videresend dette til Statens vegvesen.</p>
Sak 45	<p><b>Eventuelt</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det har kome inn spørsmål om vi i FAU kunne forsøkt å samla informasjon om ulike ferietilbud, sommerskule osv som kunne vært sendt ut til foreldre. Det er sikkert fleire tilbud ute som foreldre ikkje veit om. Det nemnast forskerfabrikken, redningsselskapet, den norske turistforening og frivillighetssentralen. Ein oppfordrar føresette til å søke opp informasjon sjølv.</li> <li>- Spørsmål om å søke tilskot om midlar til avslutningsfest for 7.trinn. Ikkje vore gjort tidlegare. Klassene er sjølv ansvarleg for denne feiringa.</li> <li>- Kva skal til for å kunne søke tilskot frå FAU? Ein ønskjar retningslinjer for dette.</li> <li>- Valderløpet arrangerast 25.april - dele info om dette i skulenskanalar? Oppmodast til å dele dette på spond via FAU.</li> <li>- Buss - endre busstider eller skulestart? Ungdomsskulen jobbar aktivt med dette no. FAU på ungdomsskulen tek saka vidare med kommunalsjefen. Skal vi henge oss på dette? Tas opp i KFU møte i april.</li> </ul>